



Kvinnherad Handballklubb er som einaste idrettslag i kommunen trekt ut til å samla inn brukte mobiltelefonar for Telenor. Dette er ein miljøkampanje som mange støttar opp om. Iløpet av neste veke skal klubben freista å besøkje store deler av husstandane i Kvinnherad, sjølv sagt også Uskedalen.

På biletet ser du jentene frå KHK J 11.
Dei kjem til Uskedalen og Herøysund tysdag ettermiddag.
Dei bør få ein varm velkomst!

No er sjansen til å ta vårreingjeringa i roteskuffa og få resirkulert dei gamle mobiltelefonane
Samtidig støttar dei ei god sak!
Jentene får deler av inntektene frå innsamlinga til å reise på cup for!